



BARNEOMBODET

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
16/01167-2

Saksbehandlar:
Anders Prydz Cameron

Dato:
6. oktober 2016

Høyring - forslag om ny lov om omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar (omsorgssenterlova)

Vi viser til høyringa frå Barne- og likestillingsdepartementet om forslag til ny lov om omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar.

Barneombudet kan ikkje støtte forslaget frå departementet. Forslaget inneber lågare standardar for einslege mindreårige asylsøkjjarar enn det denne gruppa har i dag. Dette vil kunne ha negative konsekvensar for helsa, utdanninga og utviklinga til einslege mindreårige asylsøkjjarar. Forslaget er òg i strid med dei siste anbefalingane til Noreg frå ekspertane i FN's barnekomité. Reglane i barnevernlova kapittel 5 A gjev einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år eit godt omsorgstilbod slik det er i dag, og departementet bør eventuelt vurdere mindre endringar i dagens reglar for å tilpasse tilbodet enda betre til målgruppa, dersom ein meiner at dette er naudsynt.

Under vil vi grunngje synspunktet vårt, først i nokre generelle merknader knytt til heilskapen i forslaget og omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjjarar, og så nokre meir konkrete merknadar knytt til einskilde punkt i høyringsnotatet.

FNs barnekomité anbefaler at barnevernet har ansvar for einslege mindreårige

I 2008 vart det bestemt at einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år skulle få tilbod om opphald i omsorgssenter.¹ Dette skulle verte regulert i kapittel 5A i barnevernlova. Bakgrunnen for å fremme forslaget den gangen, var at einslege mindreårige asylsøkjjarar på asylmottak ikkje hadde same kvalitet på tilbodet som barn i barnevernsinstitusjonar. Det vart argumentert med at FN's barnekomité i sine avsluttande merknadar i 2005 anbefalte at tilbodet i mottak burde forbetrast, både med tanke på ressursar og kompetansen blant dei tilsette. Komiteen sa òg at bistanden og omsorga som vert gitt til einslege mindreårige asylsøkjjarar bør vere på same nivå som i institusjonar i barnevernet. Målsettinga med å overføre ansvaret var å gi eit bu- og omsorgstilbod til einslege mindreårige asylsøkjjarar som var tilpassa deira spesielle behov, og som var av like god kvalitet som det tilbodet som vert gitt til andre barn barnevernet har omsorga for.

¹ Ot.prp. nr. 28 (2007-2008). Om lov om endringer i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester mv. (Omsorgen for enslige mindreårige asylsøkere inntil bosetting eller retur)

I 2010 kom barnekomiteen med dei avsluttande merknadane sine til Noregs fjerde rapport til FN om oppfølginga av barnekonvensjonen. FN's barnekomité rosar i avsnitt 50-52 Noreg for å ha vedtatt eit nytt kapittel 5A i barnevernlova, men dei uttrykker uro for at ikkje einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år får eit likeverdig tilbod som dei under 15 år og anbefaler Noreg å utvide ansvarsområdet for barnevernet til også å omfatte barn på 15, 16 og 17 år.

I staden for å følgje opp anbefalingane frå FN går Noreg nå i motsett retning – og senkar standarden for omsorga til dei yngste einslege mindreårige asylsøkjjarane. Barneombodet meiner dette er ei utvikling som går i gal retning.

Særleg om forslaget sett i lys av barnekonvensjonen

Departementets forslag til omsorgssenterlov er for dårleg utgreidd når det gjeld fleire av artiklane i barnekonvensjonen. Her vil vi gå gjennom dei viktigaste områda der høyringsnotatet ikkje er godt nok knytt opp mot forpliktingane våre etter konvensjonen.

Forbodet mot diskriminering i artikkel 2 skal verne barn mot usakleg og urimeleg forskjellsbehandling på ei rekkje ulike grunnlag. Både det å være asylsøkjjar, alder og det å mangle opphaldsløyve har FN's barnekomité og andre FN-komitear tidligare ved fleire døme tolka inn i diskrimineringsgrunnlaget «anna stilling».

På side 63 i høyringsnotatet drøftar departementet kort om det vil være i strid med artikkel 2 i barnekonvensjonen å gje eit anna tilbod til einslege mindreårige asylsøkjjarar med eigne reglar og standardar enn andre dei som gjeld for andre barnevernsinstitusjonar. Barneombodet meiner denne drøftinga er svært mangelfull.

Parallelt med forslaget frå BLD om ei ny lov om omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar, har barnevernlovutvalet lagt fram forslag om ei ny barnevernlov som styrker barn sine rettar i barnevernet.² Viss forslaga til utvalet vert følgde opp, kan skilnaden mellom einslege mindreårige asylsøkjjarar og andre barn utan omsorgspersonar i Noreg verte endå større i nær framtid.

Barneombodet meiner barnekonvensjonen forpliktar norske myndigheiter til å gje barn utan omsorgspersonar eit likeverdig tilbod tilpassa behova til barnet – uavhengig av om dei er asylsøkjjarar eller har opphaldsløyve her. Det påstår departementet at dei vil, men samstundes uttaler dei at einslege mindreårige asylsøkjjarar skal få ein lågare standard på sitt tilbod – i tillegg til det svakare rettsvernet dei allereie har med dagens system. Det er ikkje diskriminering å gje barn ulike tilbod tilpassa deira behov, men det kan vere diskriminering å systematisk gje ei gruppe barn lågare standard og svakare rettsvern basert på at dei har kome til Noreg som asylsøkjjarar.

Artikkel 3 og 12 om manglande vurdering av konsekvensar for barn og høyring av barn

Barnekonvensjonen artikkel 3, nr. 1 pålegg norske myndigheiter å legge prinsippet om det beste for barnet til grunn ved alle avgjerder som gjeld barn. Ved sida av å gi barnet ein sjølvstendig rett til å få sitt beste vurdert og vekta som eit grunnleggjande omsyn når ulike interesser vert vekta opp mot kvarandre, understrekar FN's barnekomité³ at det beste for barnet òg består av to andre element: Her er det særleg relevant at det beste for barnet også er å rekne som ein prosedyreregulering.

At det er ein prosedyreregulering, betyr mellom anna at når ein skal fatte eit vedtak som vil få konsekvensar for eit bestemt barn, ei identifisert gruppe barn eller barn generelt, må prosessen fram mot avgjerda inkludere ei vurdering av moglege konsekvensar avgjerda vil

² NOU 2016:16 Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.

³ FN's barnekomité Generell kommentar nr.14 (2013) om barnets rett til at hans eller hennes beste skal være et grunnleggende hensyn (art.3, para.1)

få for barnet eller barna det gjeld. Dei som tek avgjerder i forvaltninga, må vise at prinsippet om det beste for barnet har blitt tatt omsyn til, og dei må forklare kva dei har funne å være det beste for barnet og kva kriterium dette er basert på. Når andre omsyn òg gjer seg gjeldande, må dei som fattar avgjerda vise korleis interessene til barn har blitt vegne opp mot eventuelle andre omsyn.

Når departementet foreslår lovendingar som gjeld barn, pliktar dei å kartlegge behova til barna, og da sjølvstøtt òg på gruppenivå. Det må komme fram kva slags konsekvensar – positive og negative - ei eventuell lovending vil få for barna ho gjeld for, i dette dømet einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år. I saker der avgjerda betyr mykje for barna, slik som det gjer i dette forslaget, må andre omsyn vere sterke for å gå framfor omsynet til det beste for barna. Departementet må difor gje gode grunnar for kvifor dei andre omsyna veg tyngre.

Vi saknar ei slik grundig analyse frå departementet si side av det beste for barnet og kva konsekvensar loven vil ha for barna det gjeld.

Ein viktig del av prosessen for å finne fram til det beste for barnet er å kommunisere med dei det gjeld, nemlig barna. Slik kommunikasjon bør omfatte å informere barn om prosessen og mulege bærekraftige løysingar og tenester, samle informasjon og søke deira synspunkt. Prosedyren for å vurdere og fastsette det beste for barn som gruppe er til ein viss grad forskjellig frå den som gjeld eit enkelt barn. Når omsynet til mange barn står på spel, må myndighetene finne måtar å høyre synspunkta til eit representativt utval barn, og ta tilbørleg omsyn til deira meininger ved planlegging av tiltak eller lovgivande avgjerder som direkte eller indirekte betyr noko for gruppa.⁴ Barneombodet meiner departementet burde ha henta inn erfaringar og synspunkt frå målgruppa for tiltaka, nemlig einslege mindreårige asylsøkjjarar.

Samla sett er ikkje lovforslaget godt nok utgreidd i tråd med artikkel 3 og 12 i barnekonvensjonen.

Einslege mindreårige asylsøkjjarar har same behov som andre barn

Departementet ynskjer i forslaget å gje einslege mindreårige asylsøkjjarar eit dårlegare tilbod enn andre barn i barnevernet. Til grunn for dette ligg ein påstand om at denne gruppa barn «krever en noe annen tilnærming til og oppfølging enn (...) øvrige barnevernsbarn»⁵. For å grunnge denne påstanden, viser departementet til forskning. Forskinga dei viser til, er stort sett dokumentasjon for at einslege mindreårige asylsøkjjarar er ei samansett gruppe. Ein relativt stor del av dei har opplevd alvorlege livshendingar som vald i nære relasjonar, tap av nærstående familiemedlem, krig og krigshendingar eller seksuelle overgrep. Ein større del av desse ungdommane har teikn på psykiske helseproblem enn av andre grupper av ungdom . Ein av dei få eigenskapane dei har sams, er at dei er utan nære omsorgspersonar, skriv departementet på side 5 i høyringsnotatet.

Det er ikkje drøfta kva eigenskapar gruppa «øvrige barnevernsbarn» har til felles som skilj dei frå einslege mindreårige asylsøkjjarar. Barn som barnevernet har tatt over omsorga for er ei svært samansett gruppe. Ein relativt stor del av dei har opplevd alvorlege livshendingar som vald og seksuelle overgrep. Ein større del enn i gjennomsnittsbefolkninga har teikn på psykiske helseproblem. Dei fleste manglar nære omsorgspersonar som er i stand til å ta vare på dei.

Barneombodet meiner departementet sin konklusjon om at einslege mindreårige asylsøkjjarar som gruppe krev ei noko anna tilnærming enn andre barnevernsbarn, er ei feilslutning som

⁴ Generell kommentar nr.14 (2003) om barnets rett til at hans eller hennar beste skal være et grunnleggjande omsyn (art. 3, para. 1)

⁵ Høyringsnotatet – side 6

byggjer på feilslått gruppetenking og ei for enkel framstilling av verkelegheita. Den kunnskapen vi har om både barn i barnevernet og om einslege mindreårige asylsøkjjarar peiker i staden på at dette er ei samansett gruppe ungdommar med svært ulike utfordringar, som alle treng omsorg, trygge rammar og eit likeverdig, individuelt tilpassa tilbod.

Departementet si feilslutning fører til at forslaget einslege mindreårige asylsøkjjarar, i staden for eit likeverdig, individuelt tilpassa tilbod som dei ville fått etter barnevernlova, skal få eit *forsvarleg* tilbod. I dette ligg det at det skal brukast færre ressursar og stillast lågare krav til dette tilbodet. Eit differensiert og tilpassa tilbod betyr altså eigentleg eit dårlegare og svakare regulert tilbod.

Vi meiner den grunnleggjande premissen i regjeringa sitt forslag om at einslege mindreårige asylsøkjjarar har heilt andre behov enn andre barn utan omsorgspersonar i Noreg ikkje er riktig.

Merknader til avsnitt 6.2 – «Opphold i omsorgssentre eller familiebaserte tilbod»

Barneombodet er positiv til at sysken som kjem til Noreg saman som ein hovudregel ikkje skal splittast. Viss den eine er over 15 år, skal ein vere fleksibel når det gjeld å plassere dei saman. Denne hovudregelen er svært viktig for barn som kommer til Norge. I barnevernet vert ein meir og meir opptatt av betydinga og den førebyggjande verknaden det kan ha for søsken å bo saman og ha kontakt.⁶

Vi meiner at hovudregelen bør gjelde for alle barn under 18 år.

I regelverket som gjeld no kan barn som fyller 15 år i omsorgssenter verte buande fram til dei vert busett eller returnert. Departementet skriv at når det kjem mange asylsøkjjarar, kan det ta lang tid å busette einslege mindreårige flyktingar frå omsorgssenter og mottak. Det kan bety at barn over 15 år vert buande i omsorgssenter i lenger periodar. Departementet skriv vidare at omsorgssentera i hovudsak er meint for barn under 15 år, mens mottaka er tilpassa aldersgruppa 15-18 år. Departementet foreslår at regelverket opnar for at barn kan verte flytta til mottak etter fylte 15 år.

Barneombodet er ikkje samd i at mottak er tilpassa barn mellom 15 og 18 år. Vi har lenge arbeid for at alle barn under 18 år skal få et tilbod i barnevernet. Det er barnevernet som har kompetanse og tilbodet barn utan omsorgspersonar treng.

I tillegg er vi urolege for kva konsekvensar det kan få for barna å flytte i ordinære mottak. Departementet skriv sjølv at det kan vere uheldig for barn å verte flytta, fordi det kan verke inn på skulegong og barna kan miste kontakten med venner og nettverk. Departementet skriv òg at ein skal freiste å flytte barn i skuleferiar for å gjere belastninga mindre. Dette meiner vi ikkje er nok. Flytting kan vere ei stor belastning for barn i en sårbar situasjon og medføre store ekstra belastningar for barnet.

Merknader til avsnitt 6.5 - Ansvar for omsorga for barnet

Det skal framleis være Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) som skal tilby eit bustadstilbod til einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år som kjem til Noreg. Bufetat skal òg ha omsorga for barn som får eit familiebasert tilbod.

Bufetat skal altså fortsette å ha eit ansvar for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Det meiner vi i utgangspunktet er bra, fordi dei har den kompetansen som skal til. Vi vil likevel peike på at det er noko kunstig ved at departementet i kapittel 6 om kvalitet argumenterer med at einslege mindreårige asylsøkjjarar treng noko anna enn barnevernsfagleg kompetanse,

⁶ Se mellom anna «NOU 2016:16 Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.»

samtidig som det er Bufetat som skal ha ansvar for omsorga og godkjenne omsorgssentera. Vi meiner det heilt klart trengs barnefagleg og barnevernsfagleg kompetanse i denne prosessen, men vi meiner òg at kompetansen trengst for å sikre eit godt innhald i tilbodet til barna som er plassert i omsorgssentera.

Merknader til avsnitt 6.6 - Kvalitet og internkontroll i omsorgssentre

Departementet foreslår lågare krav til fagleg kvalitet, arealkrav og bemanning i omsorgssenter. Barneombodet meiner at forslaget ikkje byggjer på riktige premisser, og at lågare krav vil gå ut over evna til å fange opp sårbare barn og gje bebuarane i omsorgssentera den omsorga dei treng.

Departementet skriv at formålet og målgruppa til omsorgssentera i stor grad skil seg frå ordinære barnevernsinstitusjonar. Departementet ser behov for å innføre eigne krav til kvalitet som er spesielt tilpassa einslege mindreårige asylsøkjjarar og omsorgssentera sitt formål. Med ny lovregulering kan departementet definere nye krav til kvaliteten på tilbodet, mellom anna bemanning, kompetanse og fysisk utforming. Forarbeida til kapittel 5A i barnevernlova stiller høge krav til omsorgssentera sine oppgåver og til kva kompetanse dei tilsette skal ha, og departementet meiner krava er for omfattande for denne gruppa barn. Departementet skriv at omsorgssentera har eit anna formål enn ordinære barnevernstiltak, og barn i asylsøkjjarfasen kan ha andre behov enn barn i barnevernet. Vidare påpeiker departementet at ein ikkje kan forvente at eit midlertidig bustadstilbod skal ha same innhald som eit meir permanent tilbod. Barneombodet er ikkje samd i at målgruppa einslege mindreårige asylsøkjjarar i stor grad skil seg frå barn i barnevernsinstitusjonar (sjå avsnitt om dette over).

I 2015 kom det uvanleg mange asylsøkjjarar til Noreg, noko som la press på norske myndigheiter for å skaffe bustad og tilbod til mindreårige asylsøkjjarar. Barneombodet forstår at myndigheitene må gjere visse grep utanom det vanlege for å handtere den ekstraordinære situasjonen som har vore. Vi vil likevel framheve forpliktinga norske myndigheiter har til å vareta barnerettane etter barnekonvensjonen, og kva vurderingar som må ligge til grunn når myndigheitene bestemmer seg for å lempe på krava til kvalitet i omsorgssentera.

Endringane som departementet foreslår vil kunne bety større avdelingar, lågare krav til bemanning og kompetanse og lågare krav til fysisk utforming og materiell standard. Barn skal ikkje lenger ha krav på eige rom. Det skal heller ikkje vere krav til eigne uteareal til leik og fritid.

Einslege mindreårige asylsøkjjarar er ei særleg sårbar gruppe. Barnevernlova har sikra at dei yngste blant dei einslege mindreårige vert handsama mest mulig likt som andre barn utan omsorgspersonar. Viss norske myndigheiter skal vareta barnerettane, kan ein ikkje lempe på krava til kvalitet og kompetanse i omsorgssentera. God differensiering av tilbodet er mogeleg innanfor rammene av barnevernlova, og vil innebere at ein set inn ekstraordinære tiltak og nok ressursar til å kunne sikre god ivaretaking av dei individuelle behova til barna.

Barn på institusjonar har større risiko for å oppleve vald og overgrep enn andre barn. Mange som kjem til Noreg som einslege mindreårige asylsøkjjarar har opplevd alvorleg vald i familien eller på skolen i heimlandet.⁷ Dette gjer at dei er sårbare. Det har tidlegare vore fleire tilfelle av valdelege hendingar ved mottak for einslege mindreårige i Noreg. Ungdommar Barneombodet intervjuar i samband med rapporten «Helse på barns premisser»,

⁷ Skårdalsmo og Jensen: Unaccompanied refugee minors' early life narratives of physical abuse from caregivers and teachers in their home countries. *Child Abuse and Neglect*, 23. august 2015, doi: 10.1016/j.chiabu.2015.08.003.

Jensen, Skårdalsmo og Fjermestad: Development of mental health problems – a follow-up study of unaccompanied refugee minors. *Child and Adolescent Psychiatry and Mental Health*, november 2014, doi:10.1186/1753-2000-8-29.

(2014) fortalde om vald, truslar og gjengdanningar i EMA-mottak, og at dei tilsette ikkje fekk med seg kva som skjedde mellom ungdommane. Ved å opprette større avdelingar på omsorgssenter for einslege mindreårige vil det være svært viktig at sentera legg gode planar for å førebyggje vold og overgrep mot barna som bur der. Dette arbeidet krev kompetanse og tett bemanning.

Når departementet kjem med forslag om å stille lågare krav til omsorgssentera, kan dette òg føre til at nokre av dei større aktørane som driv med barnevernstiltak vil meine at det å drive omsorgssenter ligg så langt unna kompetanseområdet deira at dei ikkje vil delta i anbodskonkurransar som bygger på dei nye reglane. Eit regelverk som i stor grad legg vekt på økonomiske innsparingar og kostnadseffektiv drift, utan samstundes å ha ei god standard på omsorga, vil kunne gjere at aktørar som er gode på fagutvikling og held høg barnefagleg kvalitet vil trekke seg ut av drifta av omsorgssenter. Marknaden kan da verte dominert av aktørar som meir einseitig driv effektivt etter ei minstestandard vil overta drifta. Slik får ein berre konkurranse på pris, og ikkje på kvalitet når drift av omsorgssenter vert lagd ut på anbod.

Forslaget frå departementet vil føre til ei stor svekking av tilbodet til barn i omsorgssenter. Dette vil i første rekkje ramme dei som allereie er i ein utsatt situasjon. Det kan vere barn som har opplevd traumatiske hendingar i heimlandet og under flukta, barn som er eller står i fare for å verte utnytta i menneskehandling, og barn som har vært eller står i fare for å bli utsette for vald og overgrep. Barneombudet støtter ikkje forslaget om å innføre eigne, lågare krav til kvalitet for omsorgssentera for einslege mindreårige.

Merknader til avsnitt 6.7 – «Familiebasert botilbud som alternativ til omsorgssenter»

Dei gjeldande reglane pålegg Bufetat å tilby barn under 15 år som søker asyl plass i eit omsorgssenter. Departementet skriv at sjølv om opphald i omsorgssenter vil vere eit godt tilbod for de fleste barn i asylsøkjarsfasen, kan nokre barn ha betre utbytte av å bo hos ein familie. Eit slikt familiebasert tilbod vil ha mange likskapar med ein fosterheim.

Barneombudet er einig i dette. For dei fleste barn vil eit familiebasert tilbod vere betre enn eit tilbod på institusjon. Vi oppmodar departementet om å få inn prinsippet om det beste for barnet i den føreslegne paragrafen om familiebaserte bustadstilbod (§3 i ny lov), slik at barn vert sikra ei individuell vurdering av behovet dei har for eit familiebasert tilbod.

Sjølv om det er positivt at det vert innført ei mogelegheit til å plassere nokre barn i familiebaserte tilbod, er det så mykje som er uklart og så mange utfordringar ved dette forslaget som ikkje er avklart, at det foreløpig er uklart om dette i det heile kan la seg gjennomføre. Det er allereie stor mangel på fosterheimar til barn som skal verte plassert i barnevernet. Å gje eit familiebasert tilbod til einslege mindreårige asylsøklarar vil føre til auka press på å rekruttere fosterheimar/familieheimar, og auka bruk av ressursar for barnevernet. Det er viktig at departementet lagar ein plan og tilfører nok ressursar til å utføre dette arbeidet framover. Ei ny forskrift om familiebaserte bustadstilbod må også utformast før det er mogeleg å ta stilling til heilskapen i dette tilbodet.

Marknader til avsnitt 6.8 - «Kartlegging og oppfølging»

Dette punktet er svært uklart. Departementet skriv på side 35 i høyringsnotatet at sentera skal «vurdere barnets situasjon og behov gjennom samtaler med barnet, og ved observasjon av barnets samspill med andre barn og vaksne. Barna skal ikke utredes. (...) Kartleggingen vil være en sammenstilling av omsorgssenterets vurdering og informasjon som omsorgssenteret skal få fra andre instanser». Kva ei slik kartlegging skal innebere er ikkje klart.

Departementet viser i ei fotnote til fosterheimsmeldinga (Mld. St. 17 (2015-2015)), der ordet «kartlegging» vert nytta, men skriv òg at kartlegginga i omsorgssenter skal vere mindre

omfattande enn kartlegginga i ei undersøkingssak i barnevernet. Det er òg uklart kva kartlegginga skal brukast til, for omsorgssentera skal ikkje lenger fatte vedtak om oppfølginga av barna som bur der. Barnet skal ikkje lenger ha ein lovfesta rett til å vere med på å avgjere kva som skal stå kartlegginga – berre ein generell rett til å seie meininga si om innhaldet. Omsorgssenteret skal utan hinder av teieplikta kunne sende kartlegginga og «annan relevant informasjon om barnet» til busettingsmyndigheitene, utan at barnet sjølv og/eller verja til barnet samtykkjer eller er orientert.

På side 37 viser departementet til forvaltningslova § 13 b nr 5. Forslaget til § 8 i ny lov går langt ut over det fvl. § 13 b nr. 5 gjer. I forslaget til ny lov vil departementet gi omsorgssentera fullmakt til å dele «informasjon om barnet».

Barneombodet meiner forslaget til § 8 i ny lov om omsorgssenter er ei uakseptabel svekking av rettstryggleiken til barna. Når departementet i tillegg foreslår å svekke krava til bemanning og kompetanse i sentera er dette enda verre.

Tillit er eit av dei viktigaste grunnlaga for streng teieplikt, at dei som skal ha den daglege omsorga for barna har tillit frå barnet og verja til barnet. Når opplysningar om barnet kan flyte uhindra frå omsorgssenteret til Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og busettingskommunen, kan dette gjere at barnet og verja ikkje delar viktig informasjon om barnet, fordi det kan ha innverknad på busettinga.

Departementet sitt forslag inneber at tilsette med ymse, ikkje spesifisert kompetanse skal kartleggje sårbare barns behov, og dele med busettingsmyndigheita denne kartlegginga og all anna informasjon om barnet som dei meiner er relevant, utan å få samtykke frå barnet og/eller verja, og utan å informere dei. Dette er ikkje i tråd med dei krava vi stillar til samtykke og personvern på noko anna felt i Noreg. Barneombodet kan ikkje støtte forslaget om ny § 8 i lov om omsorgssenter.

Merknader til avsnitt 6.9 – «Krav til godkjenning av omsorgssentre»

Departementet foreslår å ta ei godkjenningsordning i den nye lova. Reglane for godkjenning av institusjonar og omsorgssenter vil i hovudsak vere baserte på gjeldande reglar.

Departementet skriv at det i særlege tilfelle kan vere behov for at omsorgssenter vert drivne med mellombels godkjenning. Dei foreslår at omsorgssenter som ikkje oppfyller vilkåra for godkjenning kan få mellombels godkjenning viss særlege omsyn tilseier det, og det er forsvarlig ut frå omsynet til bebuarane. . Eit slikt særleg omsyn kan vere at det ikkje er tid til å vente på en permanent godkjenning eller at lokala ikkje er godkjende for fleire barn.

Departementet foreslår at Bufetat kan gje mellombels godkjenning i opp til eitt år. Tidlegare regelverk ga mogelegheit til mellombels godkjenning i inntil seks månader.

Barneombodet meiner seks månader bør vere tilstrekkeleg for å få på plass eit kvalitativt godt tilbod, og at periodar utover dette vil kunne føre til eit uforsvarleg tilbod til barna.

Merknader til avsnitt 6.10 – «Barns medvirkning»

Barneombodet er svært positiv til forslaget om å ta barn sin rett til deltaking inn i lova. På fleire andre område ser vi at retten til å delta ikkje vert oppfylt når han ikkje er tatt direkte inn i særlovar.

Merknader til avsnitt 6.11 - «Rettigheter og bruk av tvang i omsorgssenter»

Departementet foreslår ein paragraf § 11 om rettar og bruk av tvang under opphald i omsorgssenter. Barneombodet er glad for at dette vert tatt direkte inn i lova. Intensjonen om å innskrenke heimlane til bruk av tvang i omsorgssenter er òg god. Samstundes er vi uroa for at *forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barnevernsinstitusjoner*

(*rettigheitsforskrifta*) ikkje skal gjelde for omsorgssenter lenger, så lenge det er uklart kva departementet vil ta inn i ei eiga forskrift om bruk av tvang i omsorgssenter. Før ei ny forskrift er sett i kraft, vil det vere uklart mellom anna kva reglar som gjeld om krav til førebygging, protokollføring og rapportering til tilsynsmyndigheita.

Barneombodet meiner at reglane i kapittel 1, 2, 3 og 5 *rettigheitsforskrifta* i all hovudsak framleis bør gjelde òg for omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Om dette blir gjort i ei eiga forskrift eller om *rettigheitsforskrifta* framleis skal gjelde for omsorgssenter, spelar lita rolle, så lenge krava som vert stilt er dei same.

Merknader til avsnitt 6.15 – «Regulering av taushetsplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett»

Barneombodet meiner teieplikta er heilt avgjerande for at dei tilsette i omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar skal få naudsynt tillit frå bebruarane og verjer til å kunne yte god omsorg. Dette tilseier ei streng teieplikt som er avgrensa til å dele opplysningar som er naudsynte for å utøve den daglege omsorga for barnet. Eksemplar kan vere kommunikasjon med skule og helsetenesta om saker som er viktige i barna sin kvardag. Barnet og verja må få informasjon om kva opplysningar om barnet omsorgssenteret har delt med andre.

Etter vårt syn må verja og/eller barnet gje samtykke til at omsorgssenteret skal kunne gje opplysningar om barnet når dette ikkje er knytt til omsorgssenteret si hovudoppgåve: Dagleg omsorg for barnet (avgrensa mot foreldreansvaret, ref § 30 i lov om barn og foreldre). All utveksling av opplysningar som ikkje er direkte knytt til den daglege omsorga for barnet må krevje samtykke frå barnet og/eller verja, til dømes opplysningar til IMdI og busettingskommunen (sjå over) eller til utlendingsforvaltninga.. Noko anna vil ikkje sikre at barnet sin rett til personvern og rettstryggleik er forsvarleg varetatt.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Prydz Cameron
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.